## Australsk forfattar får pris

**BOOKERPRISEN:** Den australske forfattaren Richard Flanagan får den prestisjetunge Man Bookerprisen for ein roman om bygginga av dødsjernbana mellom Thailand og Burma under den andre verdskrigen. «The Narrow Road to the Deep North», som er den sjette romanen til Flanagan, handlar om korleis allierte krigsfangar vart tvungne av Japan til å byggje jernbana, prosjektet som også var tema for den berømte filmen «Broen over Kwai».

NPK

LES I MORGEN

## Med rent vann på tanken

**Scott Harrison var reklame-guru blant New Yorks nattklubber. Nå lever han for å gi rent vann til flest mulig.**



## 50 %

Folkebiblioteka her i landet blir brukt av rundt halvparten av oss, viser ei fersk undersøking. I undersøkinga som Sentio har gjort på oppdrag for Nationen, svarar 44 prosent at dei brukar biblioteket der dei bur, og at dei er godt nøgde. Fem prosent seier dei er middels nøgde med biblioteket dei brukar, medan ein prosent brukar biblioteket, men er lite nøgde med tilbodet. 49 prosent svarar at dei ikkje brukar biblioteket.

NPK



**KLINKBYGD TREBÅT:** Oselvar er ein klinkbygd trebåt frå Hordaland som mellom anna er brukt som regattabåt.

Foto: Karen Andersson

# Vind i segla for Noregs nasjonalbåt

**KULTURARV:** – Båtar er noko av det mest sentrale i norsk kulturarv, men til no har dette ofte blitt oversett. Det er noko me må prøva å retta på, seier Kjell Magnus Økland. Han er i ferd med å sluttføra eit stort bokverk om oselvaren – båten som er kåra til Noregs nasjonalbåt.

– Målet er å auka forståinga for Noreg som kystnasjon der båten og det maritime er heilt sentralt, seier Økland.

I over ti år har tysnesingen arbeidd med ei bok om oselvaren. No nærmar han seg slutten. Manuset er på fleire hundre sider. Bodoni Forlag i Bergen skal gje ut boka saman med Oselvarklubben.

Oselvarklubben blei stifta i 1945 og er ein nasjonal klasseklubb for dei regattarigga oselvarbåtane og seglarane deira. I 2009 blei denne båttypen kåra til Noreg nasjonalbåt med over 115.000 stemmer i ei kåring i regi av Redningsselskapet.

### SÆREIGEN BÅT

Oselvaren er ein klinkbygd, tradisjonell trebåttype frå Hordaland som har røter fleire tusen år tilbake i tid.

– Noko av det som skil oselvaren frå andre trebåtar er at færingane berre er bygd av tre overlappande bordgangar, altså tre etasjar med bord, fortel Økland.

Området rundt Bjørnefjorden er kjerneområdet for byggjetradisjonen til oselvaren, men Økland fortel at båten blei brukt mellom Bømlo i sør og Gulen i nord. Dei fleste båtbyggjarane heldt til på Tysnes, Austevoll og i Os.

Opphavet til omgrepet oselvar er litt uklart, men Økland slår fast at det heng saman med staden Osøyro og båtbyggjarane Jørgen og Lars Tøsdal som heldt til der på 1700-talet.

– For å koma fram til nausta deira, måtte folk ro opp mot elvestraumen i Oselvo. Om det er Jørgen og Lars som har funne på namnet eller om det er folk som har referert til båtane deira som oselvarar, er litt dunkelt, men det er i alle fall dette som er samanhengen.

Økland tek for seg trebåtbyggjartradisjonen heilt frå dei eldste tider og fram til i dag.

– Det eldste norske arkeologiske funnet av klinkbygde båtdelar er frå rundt Kristi fødsel, fortel han og viser oss eit bilete av ein 2.000 år gammal keip frå Radøy.

NPK

*Eksplosjon* er en lovsangsplate med elektronisk sound og salmesus.

# Salmer som eksploderer

**ANMELDT** **MUSIKK**

DAVID ANDRÉ ØSTBY

Eksplosjon

Produsert av Johannes Groth, Tore Kulleseid og David André Østby.

Gjesteartister er Marie Hognestad og Ida Möller

Mikset av Ben Whincop

Mastret av Bruno Gruel



**BRA TEAM:** På sin siste plate har David André Østby fått med seg Hillsong-trommis Rolf Wam Fjell og den internasjonalt anerkjente mastreren Bruno Gruel.

Foto: Dag Skorstol

Med lovsangsalbumet *Eksplosjon* viser David André Østby nok en gang at han er av de viktigste leverandørene av lovsang i Norge. Personlig vil han nok først og fremst peke på Jesus. Og det gjør han også på denne platen. Hans første soloalbum på fem år har fått tittelen *Eksplosjon* og handler om det Østby beskriver som en eksplosjon av lovsang.

I enkelte miljø kan denne «eksplosjonen» stå i kontrast til de tradisjonelle salmene. Menigheter har opplevd at synet på salmer og lovsanger har skapt en kløft mellom generasjonene. Med denne platen lykkes Østby derimot å bygge en bro mellom de gamle sangskattene og den nye lovsangssjangeren.

Platen åpner eksplosivt med en Landstad-salme fra 1861, som har røtter tilbake til Georg Wessel (1642). *Gjør døren høy, gjør porten vid*, synger Østby til lyden av skarpe trommer, elgitar og synth. Her blir den gamle salmen ikledd «armyvest» og det passer utmerket. *Velkommen* er en låt med driv. Den har et nydelig break mot slutten og her fungerer den også svært godt som allsang.

Østby er ikke redd for å vise at han står i en tradisjon. Snarere tvert imot. Teksten til låten *Gi meg Jesus* minner om noe du kan finne i *Rop det ut*. Men der slutter likheten. Synth, elektroniske trommer og elgitar er en helt ok erstatning for det enkle pianoet som bar sangen den gang jeg var ung.

De første tonene i *Nåde stor* klinger som to kjente lovsanger vi har hørt før, *Din nåde er stor* av Bjørn Aslaksen og *Bless the Lord o my soul*, av Matt Redman.Likheten med disse klassikerne tar snart slutt og refrenget fremstår langt mer originalt. Teksten derimot er direkte inspirert fra en av verdens mest berømte salmer *Amazing Grace*. Og selv om melodien minner om en klassisk salme blir den godt kledd i et nytt lydbilde. Å la seg inspirere av *Amazing Grace* er ikke uvanlig. Også Hillsong bygger en tekst helt og holdent på denne salmen på sin nyeste plate.

På platen får vi også et gledelig gjensyn med låten *Strømmer av nåde*.

Hva er lovsang uten et lovsangskor? På *Eksplosjon* er det flere låter som løftes mange hakk når refrenget akkompagneres med et kor. Både de nye versjonene av *Fullkommen Majestet* og *Graven er tom* er eksempler på slike låter.

Det er slående hvor tekstmessig bibelinspirert Østbys plate er. Her er det ikke mange tekster om meg og mitt, snarere er tekstene opptatt av Jesus og hva Han har gjort for oss. Ett unntak er kanskje låten *Tilbake*, som også har vært utgitt før. Likevel tar det ikke lang tid før man oppdager at teksten er hentet fra fortellingen om den bortkomne sønn. Og dette er en av få spor hvor man faktisk ikke oppmuntres til å synge